



Jostedalsbreen
nasjonalparkstyre

Møteinnkalling

Utval: Jostedalsbreen nasjonalparkstyre
Møtestad: Teams
Dato: 27.01.2026
Tidspunkt: 10:00

Velkomen til det fyrste møtet i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre i 2026.

Møte vert halde på Teams tysdag 27.01.2026 kl 10:00.

Vi satsar på å vere ferdig seinast kl 11:30.

Saksliste

Utvalgs- saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv- saksnr
ST 1/26	Godkjenning av innkalling og dagsorden		
ST 2/26	Val av styremedlem til å skrive under protokoll i lag med styreleiar		
ST 3/26	Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - møteplan 2026		2025/18173
ST 4/26	Høyring - oppstart av arbeid med kommunedelplan for masselager - Stryn - Rv. 15 Strynefjellet med arm til Geiranger		2026/887
ST 5/26	Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - orienteringssaker styremøte 1/2026		2025/16018

ST 1/26 Godkjenning av innkalling og dagsorden
ST 2/26 Val av styremedlem til å skrive under protokoll i lag med styreleiar



Arkivsaksnr: 2025/18173-3

Sakshandsamar: Tor Arne Hauge

Dato: 20.01.2026

Utval	Utvalssak	Møtedato
Jostedalsbreen nasjonalparkstyret	3/26	27.01.2026

Jostedalsbreen nasjonalparkstyret - møteplan 2026

Innstilling frå forvaltar

Jostedalsbreen nasjonalparkstyret skal ha jamlege møte i 2026 for å handsame saker som kjem inn og følgje opp tiltak i nasjonalparken. Dersom det ikkje er saker til dei planlagde styremøta kan eit møte avlysast eller utsetjast. Ved hastesaker kan det gjennomførast ekstra styremøte innimellom dei planlagde møta. Styret avgjer om nokre av møta kan gjennomførast som digitale møte.

Møteplan 2025:

- 27. januar Digitalt styremøte
- 3. mars Gloppen Bestillingsmøte 2
- 8.-9. juni Stryn Møte og synfaring
- 17.-19. august Fjærland/Jostedal Møte og studietur med styret for Folgefonna
- 20. oktober Skei Styremøte m/dialogmøte med rådgjevande utval
- 1. desember Stryn Bestillingsmøte 1



Dokument i saka

- Føringer for forvaltningsmyndighetene for verneområder – tiltaksmidler, restaureringsmidler og SNO-ressurser for 2026. Brev frå Miljødirektoratet datert 27.10.2025
Strategi for bruk av midler til tiltak i verneområder (2026-2030). Miljødirektoratet.
Vedtektene til Jostedalsbreen nasjonalparkstyre gjeldande frå 01.januar 2020

Saksopplysningar

I følgje vedtektene bør styret tre saman minst fire gonger kvart år og elles når leiaren bestemmer (punkt 7). Det har dei siste åra vore vanleg med 5-7 møter i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre, dei fleste møta har vore med fysisk oppmøte og minst eit har vore eit todagarsmøte med synfaring. I 2025 var det planlagt og gjennomført sju møte, eit av dei på Teams.

Nasjonalparkstyret drøfta i sak 36/25 drift av styret og årsplan for 2026. Det vart gjort fylgjande vedtak:

Nasjonalparkstyret skal i 2026 møtast for å arbeide vidare med forvaltningsplanen. Styret skal gjere vedtak i dispensasjonssaker og følgje opp tiltak i nasjonalparken som kan bidra til å styrke verneverdiane, med utgangspunkt i følgjande årshjul:

- Januar/Februar: Styremøte
- Mars: Styremøte (Bestillingsmøte 2)
- Juni: Styremøte med synfaring
- August: Styremøte med synfaring
- Oktober: Styremøte og dialogmøte med rådgjevande utval
- November: Styremøte (Bestillingsmøte 1)

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre godkjenner framlegg til drift av styret for året 2026 på Kr 342 000,- jf. saksutgreiinga. Styret godkjenner også budsjettet på kr 180 000,- i plan- og kartleggingsmidlar og kr 150 000,- i grunnstøtte drift. Samla budsjett til drifts- og planmidlar vert føreslått til kr 672 000,-.

Sekretariatet legg inn budsjettet i Miljødirektoratet sitt elektroniske søknadssenter (ESS) innan fristen den 9. januar 2026. Sekretariatet får fullmakt til å gjere mindre endringar på budsjettet dersom dette viser seg nødvendig fram mot innmeldingsfristen.

Samrøystes vedteke.

Forvaltarane har gått gjennom dei politiske møtekalendrane for alle kommunane og fylkeskommunen og utifrå desse føreslått møtedatoar og møtestader for 2026. Folgefonna nasjonalparkstyre har lyst til å besøke Jostedalsbreen nasjonalpark og møte styret for Jostedalsbreen nasjonalpark. Det er difor lagt opp til ein studietur med innlagt møte i august. Det er føreslått to overnattingar i samband med studieturen.



Vurdering

Forvaltarane føreslår å leggje opp til 6 styremøte i 2026, eit av desse i samband med ein eventuell studietur i saman med nasjonalparkstyret for Folgefonna. Om viktige hastesaker dukkar opp kan det bli aktuelt med ekstra møte på Teams.

- | | | |
|------------------|--------------------|--|
| - 27. januar | Digitalt styremøte | |
| - 3. mars | Sandane | Bestillingsmøte 2 |
| - 8.-9. juni | Oppstryn | Møte og synfaring |
| - 17.-19. august | Fjærland/Jostedal | Møte og studietur med styret for Folgefonna |
| - 20. oktober | Skei | Styremøte m/dialogmøte med rådgjevande utval |
| - 1. desember | Loen | Bestillingsmøte 1 |

For at styret skal få best mogeleg kjennskap til og kunnskap om nasjonalparken dei har ansvar for, bør nokre av styremøta gjennomførast i kombinasjon med synfaringar i området.



Arkivsaksnr: 2026/887-3

Sakshandsamar: Tor Arne Hauge

Dato: 20.01.2026

Utval	Utvalssak	Møtedato
Jostedalsbreen nasjonalparkstyret	4/26	27.01.2026

Høyring ved oppstart av arbeid med kommunedelplan - Rv. 15 Strynefjellet med arm til Geiranger, masselagre i Stryn kommune

Innstilling frå forvaltar

Jostedalsbreen nasjonalparkstyret sender inn fylgjande merknad til Statens vegvesen:

Viser til høyring ved oppstart av arbeid med kommunedelplan – Rv. 15 strynefjellet med arm til Geiranger, masselagre i Stryn kommune. Jostedalsbreen nasjonalparkstyret ser at planområde 2 Hjellane ligg delvis inne i nasjonalparken. Dette er i strid med verneforskrifta for Jostedalsbreen nasjonalpark.

Deponering av steinmassar er ikkje eit tiltak av «vesentleg samfunnsinteresser», jf. § 48 i naturmangfaldlova, og ein kan dermed ikkje gje dispensasjon frå verneforskrifta. Det vil generelt heller ikkje vere opning for å dispensere frå ei verneforskrift så lenge det finst alternative deponiløysingar.

Nasjonalparkstyret tilrår difor at område for masselagring ved Hjellane i Sunndalen vert teke ut av planen og ikkje arbeidd vidare med.

Saksopplysningar

Statens vegvesen varsla i brev av 03.12.2025 oppstart av arbeid med kommunedelplan for Rv. 15 Strynefjellet med arm til Geiranger, masselager i Stryn kommune. Jostedalsbreen nasjonalparkstyret stod ikkje på lista over høyringspartar. Nasjonalparkforvaltar vart gjort merksam på høyringsrunden av ein grunneigar som hadde fått varsel og som meinte høyringa kunne vere av interesse for nasjonalparkforvaltninga. Då vi fekk kopi av varselet oversendt viste det seg at eit av planområda var delvis innanfor nasjonalparkgrensa.

Nasjonalparkforvaltar tok difor 17.12.2025 kontakt med Statens vegvesen og bad om å få høyringsbrevet oversendt. Vi mottok 2.januar 2026 høyringsbrev med vedlegg. Høyringsfrist




var sett til 15.januar 2025. Vi bad 13.januar om utsett høringsfrist til etter nasjonalparkstyret sitt møte 27.01.2026. Statens vegvesen har per telefon stadfesta at vi får utsett høringsfrist

Oppstartsvarselet gjeld arbeid med kommunedelplan for masselager i Stryn kommune i samband med kommunedelplan for Rv. 15 Strynefjellet med arm til Geiranger. Planprogrammet for arbeidet er lagt ut til høring samstundes.

Føremålet med planarbeidet det no er varsla oppstart for, er å leggje til rette for massedeponi og masselager i Stryn kommune i tilknytning til arbeidet med ny Strynefjellstunnel. Etter innspelsrunden ved planoppstart vil Statens vegvesen gjennomgå og kommentere alle innspel før planprogrammet vert revidert og sendt over til Stryn kommune som kan stadfeste planprogrammet.

Kartskissa under viser planområdet for kommunedelplan for Rv. 15 Strynefjellet, masselagre i Stryn kommune. Planområdet består av fleire område. Dei endelege planområda vil bli nærare avklara i planprosessen og vil då bli mindre enn varsla planområde.


Planområde 2 Hjellane er delområdet som i størst grad vil påverke Jostedalsbreen nasjonalpark. Delområdet ligg i Sunndalen, om lag midt mellom Folven og Sunndalen gard. Arealet er markert på begge sider av Sunndalselva og kjem på sørsida av elva innanfor nasjonalparkgrensa.



Figur 1. Kartskisse over planområdet. Grensa for nasjonalparken er markert med grøn strek.



Å regulere areal for eit massedeponi delvis inne i Jostedalsbreen nasjonalpark er klart i strid med verneforskrifta. Det vil difor vere naturleg at Jostedalsbreen nasjonalparkstyre sender inn merknad til Statens vegvesen om dette.



Figur 2 Kartskisse over planområdet i Sunndalen. Nasjonalparkgrensa vist som grøn strek.

Vurdering

Nasjonalparkforvaltar ser det som lite sannsynleg at Statens vegvesen vil tilrå plassering av eit massedeponi på Hjellane i Sunndalen, noko prosjektleiar hjå Statens vegvesen også har gjeve uttrykk for. I høyringsrunden har dei teke med alle alternativ som har vore på blokka heilt frå planlegginga av ny Strynefjellstunnel starta for mange år sidan. Dei vil sile ut dei mest aktuelle lokalitetane før revidering av planprogram.

Det er likevel viktig at Jostedalsbreen nasjonalparkstyre sender inn ein merknad i denne høyringsrunden og påpeikar at planområde 2 Hjellane ligg delvis innanfor Jostedalsbreen nasjonalpark. Det vil vere klart i strid med verneforskrifta å leggje eit massedeponi her.

Deponering av steinmassar er ikkje eit tiltak av «vesentleg samfunnsinteresser», jf. § 48 i naturmangfaldlova, og ein kan dermed ikkje gje dispensasjon frå verneforskrifta. Det vil generelt heller ikkje vere opning for å dispensere frå ei verneforskrift så lenge det finst alternative deponiløysingar.



Arkivsaksnr: 2025/16018-3

Sakshandsamar: Tor Arne Hauge

Dato: 20.01.2026

Utval	Utvalssak	Møtedato
Jostedalsbreen nasjonalparkstyre	5/26	27.01.2026

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - orienteringssaker styremøte 1/2026

Innstilling frå forvaltar

Styret tek orienteringssakene til vitande.

Saksopplysningar

Delegerte saker sidan førre møte

Det har ikkje vore handsama saker delegert sidan sist møte.

Brenndalen - rydding etter stormen Amy

29.12.2025 tok Sindre Aabrekk kontakt for å varsle om at stormen Amy hadde lagt ned mykje skog over stiane på begge sider av elva i Brenndalen. Aabrekk lurte på om nasjonalparkstyret ville bidra til ryddearbeidet som må til for å få fram stiane igjen. Forvaltar bad om meir informasjon, gjerne bilete som viser omfanget, og ei vurdering av kor mykje arbeid ei opprydding inneber.

19.januar mottok vi bilete frå området og ei førebels vurdering. Aabrekk estimerer det til å vere 5-7 dagsverk for å rydde på Aabrekk sida. På Aaberg sida av elva er det grovare skog, men eit noko mindre parti som treng rydding.

Forvaltarane vurderer at forvaltninga bør bidra til rydding av stieane i Brenndalen, men at ein samstundes bør vurdere kor langt inn stiane skal ryddast. I besøksstrategien er det sagt at det er ynskjeleg å redusere ferdselen innover i Brenndalen for å unngå at turistar kjem inn i dei mest rasfarlege områda inn mot breen. Forvaltar bør på synfaring før rydding vert sett i gang.

Supphelledalen tilrettelegging – rapport om naturverdiar



Miljøfagleg utredning har levert endeleg notat om naturverdiar og sårbarheit ved innfallsporten ved Supphellebreen. Tre alternativ er vurdert. Hovudkonklusjonen er at dei to alternativa med ny bru over elva er betre enn dagens alternativ.

Neste steg i prosjekt tilrettelegging av innfallsport ved Supphellebreen vert å drøfte status og vidare framdrift med lokale aktørar. Vi vil invitere til møte med grunneigarar, bygdelag og kommune.

Svar på spørsmål om tiltak Nedre Fessadalsvatnet

Horpedal Kraft AS tok 4. desember kontakt med nasjonalparkforvaltar for å undersøke kva som må til for å søkje å gjenopprette ei innløpsinnsnevring ved Nedre Fessadalsvatnet i Horpedalsvassdraget i Sogndal kommune.

Nasjonalparkforvaltar har i brev av 19.01.2026 svara Horpedal Kraft AS. I svaret vert det vektlagt at det vil vere vanskeleg å få løyve til eit slikt tiltak inne i nasjonalparken.

Planlegging av skjøtselstiltak 2026

Ein stor del av tiltaksmidlane i 2026 er planlagt nytta til skjøtselstiltak i tråd med skjøtelsesplanar for fem stølsdalar; Sunndalen, Erdalen, Bødalen, Befringsdalen og Veitastrond. Samla er det sett av kr 469 000,- til skjøtselstiltak. Forvaltarane ynskjer å gjennomføre planleggingsmøte for kvart område/skjøtelsesplan i løpet av februar og mars.

Ny raudliste for naturtypar, som vart lansert 26.november 2025, viser at mange av naturtypane me finn i områda rundt Jostedalsbreen i dag er raudlista. Alle variantar av seminaturleg eng og myr er i dag i dag plassert i høgste kategori DC – Kritisk truga. Dette er noko av grunnen til at skjøtsel av kulturmark må prioriterast høgt.

Status for arbeidet med informasjonstavler

Kristine Selbervik Lund er i gang og hjelper forvaltarane i arbeidet med innhaldsproduksjon og førebuing av oppsetjing av tavler.

Økonomi – tiltak og drift

Endeleg rekneskap viser at Jostedalsbreen nasjonalparkstyre var tildelt kr 900 000,- i tiltaksmidlar i 2025 og brukte kr 909 355,-.

For 2026 er det søkt om kr 1 019 002,- i tiltaksmidlar.

Vi var tildelt kr 480 000,- i driftsmidlar. Forbruket vart kr 441 486,-, det betyr at der var ein rest på kr 38 513,- på drift i 2025.

For 2026 er det søkt om kr 522 000,- i driftsmidlar.